

HAGTORNRUST

Gymnosporangium clavariiforme

av FAGUS-rådgiver Venche Talgø, Halvor B. Gjærum og Arne Stensvand

Det er sikkert mange som har lagt merke til oransje, geleaktige utvekstar - "horn" - i barken på stamme og greiner av einer (*Juniperus communis*).

Her på Ås er det svært mykje av dette no våren 2006 etter at det vart fuktig vår andre veka i mai. Dei oransje utvekstane høyrer til ein rustsopp som har vertskifte mellom einer og hagtorn (*Crataegus* spp.). Soppen overvintrar berre på einer, der det vert danna fleirårig mycel (nettverk av sopptrådar). Dei oransje "horna" vert danna når overvintringsstadiet (teleutostadiet) svulmar opp. Herfra spirer teleutosporar og gir opphav til nye sporar (basidiesporar) som spreiar seg med vind til hagtorn.



Hagtornrust (Gymnosporangium clavariiforme) på stamme av einer (Juniperus communis). Når rusten har utvikla seg rundt i heile stammen vil truleg eineren dauda. Ås, mai 2006. Foto: A. Stensvand

Basidiesporane spirer på nyveksten av hagtorn og fører til at blad, bladstilkar, årsskot, blomar og frukter svell opp. Neste bilete syner restar etter angrepet på hagtorn i 2005. Dersom svellingane/klumpane ringar skota, vil alt utanfor angrepspunktet visna.

Hagtornrust ser ut til å vera årviss, men nokre år er angrepa svært avgrensa. Dersom det er tørt, fint vår om våren vil ikkje soppen kunna spreia seg frå einer til hagtorn, men det fleirårige mycelet på einer gjer at soppen overlever og kan slå til neste vår. I gode år for soppen vil sporar (aecidiesporar) frå hagtorn spreia seg og infisera einer utover sommaren og hausten.



Restar (klumpar) etter angrep av hagtornrust (Gymnosporangium clavariiforme) på hagtorn (Crataegus laevigata 'Paul's Scarlet') i 2005. Foto: V. Talgø

Etter alt å døma vil angrepa på hagtorn verta store her i området i år. Det einaste rådet ein kan gi er å unngå at hagtorn og einer står i nærleiken av kvarandre. Kor langt sporane kan spreia er uvisst, men smittepresset avtek når avstanden aukar.

Eplerust (*G. tremelloides*) og rognerust (*G. cornutum*) har også vertskifte med vanleg einer. Dei dannar begge slimaktige klumpar på einer; eplerusten på bark og rognerusten på nåler.



Rognerust (Gymnosporangium cornuta) på grein av einer (Juniperus communis). Denne soppen skil seg frå hagtornrust ved å danna slimaktige klumpar på nålene i staden for "horn" på skota. Ås, mai 2006. Foto: A. Stensvand